

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Att.Mikkel Hovden Aas

Dykker ref.: 19/5517-15      Vår ref.: 2019/8305 - 4133/2020      Sakshandsamar: Charlotta Schaefer      Dato: 25.05.2020

### Årleg melding 2019 fra Helse Vest RHF – tilleggsrapportering

Helse Vest RHF viser til brev av 05.05.2020 fra Helse- og omsorgsdepartementet om tilleggsrapportering til Årleg melding 2019. Her følgjer våre svar:

- ***Helse Vest RHF skal gjennomføre ei kartlegging av korleis følgjetenesta for fødande fungerer i helseregionen***

Helse Vest RHF har kartlagt følgjetenesta for fødande i helseregionen. Kartlegginga viser at dei tre helseføretaka dette er aktuelt for har avtale om felles jordmorvakt/følgjeteneste i samarbeid med dei aktuelle kommunane i sjukehusområdet. Kommunejordmødrene har vaktordning med døgnkontinuerleg følgjeteneste som ein del av si teneste

*God start einingar* ved lokalsjukehusa i Lærdal, Nordfjordeid og Odda er basar der det er etablert godt samarbeid med kommunane, og der kvinnene blir følgt godt opp. Kommunejordmødrene blir invitert til hospitering og regelmessige samhandlingsmøter. Det er også eit godt samarbeid og god informasjonsutveksling ved innføring av nye rutinar. Kartlegginga tyder på at organiseringa og kvaliteten på følgjetenesta for fødande som har lang reiseveg til kvinneklinikk/fødeavdeling er god.

**Helse Førde HF** hadde i 2012 ei stor omlegging av fødetenesta der fødslane vart samla ved Førde sentralsjukehus. Retningslinene frå Helse Vest var tydelege på at ein måtte opprette vaktordningar for kommunar med lenger avstand enn 90 minutt (til kommunesenteret) og meir enn 50 fødande i kommunen.

Det er *God start einingar* ved lokalsjukehusa i Lærdal og på Eid. Einingane har godt samarbeid med kommunane, og det er etablert beredskapsordningar for følgjeteneste. Kvinnene vert følgde til hhv Førde, Volda eller Voss avhengig av dei vurderingane jordmor lokalt gjer. Jordmødrene tilsett i einingane leverer også jordmortenester til samarbeidskommunane. Dette gjer at dei har god kjennskap til den einskilde gravide kvinnen.

Det er inngått avtale om kjøp av følgjeteneste frå kommunane Sogndal, Leikanger og Luster. Ein oppretta samstundes ein beredskap for følgjeteneste frå Sentralsjukehuset i Førde både for å møtekjøre fødande frå kommunane og for å avlaste følgjetenesta lokalisert ved lokalsjukehusa/Sogndal. Jordmora på vakt kan og rykke ut saman med ambulansehelikopter i Førde evt. Redningshelikopteret i Florø. Det er også ein liberal praksis for innlegging i hotell, pasienthotell og i avdeling i dei tilfella der kvinnene opplever uro i samband med tidlegare raske fødslar eller anna uro knytt til avstandane i Helse Førde.

Erfaringane frå åra etter 2012 er at dette har fungert godt, og at ein ikkje har sett nokon auke i transportfødsalar. Ved transportfødsalar har ein hatt jordmorfølgje med i ambulansen i tilnærma alle tilfelle. Unntak har vore einskilde tilfelle frå kommunar nær Førde sentralsjukehus, der avstand frå sjukehus har vore vesentleg kortare enn 90 minutt.

**Helse Bergen HF** har avtale med 4 kommunar i Vestland (Masfjorden, Gulen, Fedje og Austevoll). Avtalane er differensierte ut frå avstand og tal fødsalar. I tre av kommunane er tilbodet at den fødande kan bu på pasienthotellet på sjukehuset sin kostnad når dei er ved termin, dersom dei ynskjer dette og utan at det ligg føre medisinsk indikasjon. For den fjerde kommunen dekkjer Helse Bergen HF ei jordmorstilling. Helse Bergen HF har årlege møter med kommunane om korleis tilbodet fungerer.

**Helse Fonna HF** har fødeavdeling på Stord og kvinneklinikk i Haugesund. Stord sjukehus har i samhandling med Kvinnherad kommune inngått avtale om vaktberedskap for jordmor/følgjeteneste i Kvinnherad. Kommunejordmødrene i Kvinnherad har vaktordninga som ein del av tenesta si som kommunejordmor. Kommunejordmødrene blir invitert til hospitering og samhandlingsmøte to gonger per år. Det er også eit godt samarbeid og informasjonsflyt ved innføring av nye rutinar.

Haugesund sjukehus har inngått samarbeidsavtale om felles vaktberedskap for jordmor med følgjeteneste frå Sauda og Suldal kommune. Kommunane har ansvar for oppfølging og drift av vaktberedskapen. Jordmødrer som tek del i følgjetenesta for gravide har ei utvida hospiteringsordning med føretaket, og deltar på fagdagar som helseføretaket arrangerer. Kommunen held oversikt over gjennomførte kompetansehevande kurs, tiltak og trening. I tillegg førar kommunen oversikt og rapporterer statistikk til Helse Fonna årleg. Tidlegare rapportar tydar på at organisering og kvalitet i følgjetenesta for svangerskap og fødsel er god.

**Helse Stavanger** sitt opptaksområde ligg innanfor 1,5 time til Kvinneklinikken ved Stavanger universitetssjukehus. Det er derfor ikkje inngått særskilte avtalar med kommunane om felles jordmorvakt/følgjeteneste.

## Føretaksmøtet 2019

**Vi viser til krav i føretaksmøtet 15.1.19 under pkt. 3.6.1 om oppfølging av Riksrevisjonen sine undersøkingar. Departementet ber om rapportering på undersøkinga om helseføretaka si bruk av legeressursane.**

Rapporten frå Riksrevisjonen er gjennomgått med føretaka. Helse Vest har etablert Alle møter-programmet der eit av prosjekta 'Avansert oppgåveplanlegging' innhald tiltak for betre planlegging, gjennomføring og god utnytting av fagleg kapasitet. Helseføretaka har i ein

periode hatt låg ferdigstilling av tiltaka. Helse Vest har derfor, gjennom Alle møter programmet, re-vitalisert avansert oppgåveplanlegging inn i eit meir heilskapleg prosjekt; *Vel planlagt*. Kvar eining skal etablere eigne mål på ei rekke indikatorar. Planlegging er eit viktig tema i rapportering til styret, mellom anna gjennom rapport for oppfølging og planlegging av aktivitet.

### **Overordna strategi for verksemda - Helse 2035**

Helse 2035 er ein ambisiøs strategi som legg opp til store endringar i korleis Helse Vest skal yte helsetenester og ivareta samfunnsoppdraget i åra som kjem. Betre samhandling, oppgåveplanlegging og organisering, innovasjon og bruk av ny teknologi er viktige punkt.

### **Styringsdokument 2020**

Helse Vest RHF har stilt følgjande krav i styringsdokumenta til helseføretaka:

#### Andre oppgåver 2020:

- Helseføretaka skal følgje opp planleggingsmetodikk og planhorisont i tråd med regionale retningslinjer i «Alle møter»-programmet.
- Helseføretaka skal arbeide spesielt med å redusere ventetidene for dei einingane der ventetidene er over måltal for 2020. Bruken av tentative timer skal avviklast, og ny metodikk for tildeling av timer skal innførast ved hjelp av «*Vel planlagt*» under «Alle møter».
- Helseføretaka skal kvartalsvis rapportere status på prosjekt «*Vel planlagt*» med innhald og detaljer som gir programeigar god innsikt i framdrifta.
- Helseføretaka skal planlegge ressursbruk i pasientforløp betre.

#### Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- nytte ressursane på ein god måte, planleggje med rett person til rett oppgåve til rett tid. Føretaka skal utvikle strategiar og tiltak for riktig bruk av kompetanse og rett oppgåvedeling. I dette arbeidet skal dei bruke kunnskapsgrunnlag frå arbeidsplansystemet og felles analysar i prosjekt «*Vel planlagt*» og «*Samskapt planlegging*» til bemanningsplanlegging.

### Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne  
Admin. direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*